

Høyringsvar om ny nynorskrettskriving

Synspunkt frå ein austnorsk konvertitt

Grunnen til at eg, sjølv om eg er Oslo-gut og har skrivi bokmål mesteparten av livet mitt, har valt å skrive eit høyringsvar om ny rettskriving for nynorsk, er utelukkande for å bruke den makta eg har til å ta vare på dei austnorske formene i nynorsk. Eg har lesi nokre av dei andre innkomne høyringsvara og synest det er rett trist og leitt at Norsk Lektorlag og NTNU, Program for lærarutdanning ugrunna støttar utlukinga av kløyvd infinitiv og adjektiv på *-lig*. Eg vil i dette høyringsvaret vise koss desse og andre typisk austnorske målmerke er heilt nødvendige å ha med i nynorsken, ikkje berre for å gjere han enklare, men òg for å sikre at han i framtida har ein nasjonal appell.

Aller først vil eg seie at eg framleis hadde valt å legge om til nynorsk dersom han såg ut som framlegget til nemnda. Eg la om til nynorsk pga. den nynorsken eg lærte på skolen, det er i ettertid eg har blitt med i målungdommen, dykka ned i nynorskordlista og blitt *spesielt interessert* og brukt meir av mi eiga dialekt i nynorsken og f.eks. begynt å skrive med i-supinum.

Men no tar vi det punktvis, i ikkje-prioritert rekkefølge:

Adjektivsuffikset *-lig*: Må bli likestilt *-leg*

Det er hårreisande at nemnda og fleire av institusjonane som har svara vil ta ut *-lig* nærmast utan å blunke. Det er tre store og eit utal små grunnar til å ta vare på *-lig* i nynorsk. Dette er dei tre store:

1. Nynorsk må bygge på dailektene
-lig er så vanlig i dialektene her i landet, sjølv i “nynorske kjerneområde” at det burde få vere med vidare, sjølv om det visstnok er så lite brukt (i skrift) som det er. Alle dei åra eg har skrivi nynorsk, har eg opplevd at *-lig* er minst like vanlig å skrive som *-leg*, ikkje minst blant yngre nynorskbrukarar, sjølv sunnmøringar og sogningar. Eg vil på ingen måte fjerne *-leg*, men meiner det er hårreisande at ein må skrive bokmål for å få skrive *-lig* når det er så vanlig i både tale og skrift. Dessutan liknar *-lig* mest på den norrøne forma *-ligr*.
2. Det er mykje enklare å skrive nynorsk med *-lig*
Nemnda ønsker å gjere nynorsken så enkel som moglig, då er det lurt å la dei som ikkje har *-leg* i dialekta si få skrive *-lig*. Det blir veldig vanskelig for mange å skrive nynorsk med *-leg*, for nynorsk skal - sjølv sagt - framleis ha suffikset *-ig*. Dette gjeld i hovudsak ord som sluttar på *-l + -ig*, som *forskjellig*, *salig* eller *frivillig*. Har nemnda søkt på *forskjelleg*, *saleg* og *frivilleg* i korpuset?

-leg-suffikset har òg ein evne til å “smitte” over på andre ord med *-ig*, slik at veldig mange har lyst til å skrive *uheldeg*, *nøvdendeg* og *veldeg* når dei skal skrive *uheldig*, *nøvdendig* og *veldig*. Eit raskt søk på google finn desse formene hos nynorskkommunar, nynorske aviser og sjølv sagt i nynorske bloggar og på forum. At så mange skriv *-leg* er fordi det er så dominerande i skrift, men at så mange bruker *-leg* på feil måte, synest eg er urovekkande og grunn nok til å la folk få skrive *-lig*. Det er openbart at veldig mange anten ikkje veit at *-lig* er klammeform eller vel *-leg* fordi det er den mest typiske forma i nynorsk.

For å si som Filip Rygg, skulebyråd i Bergen, slik han er sitert i ein artikkel om nynorskhet på nrk.no: *Dette er uheldeg*. La oss få skrive *-lig* på nynorsk, slik vil nynorsken bli enklare for oss og samtidig halde på den nasjonale appellen.

3. *-lig* er meir typisk austlandsk
Dette punktet er ikkje så stort som dei andre, og eg har ikkje så mykje å si anna enn at *-lig* er ei form eg opplever som meir typisk austlandsk enn vestlandsk. Sidan denne forma ikkje er heilt framand i skrift og veldig vanlig i tale (spesielt i dei strøka nynorsk strengt tatt burde vere langt meir brukt enn i dag), burde ho få stå.

Det er lett å argumentere pedagogisk for å halde på *-lig*, det er lett å argumentere med talemålsgrunnlag for å halde på *-lig* og det er lett å sjå på geografisk spreining for å halde på *-lig*. No som eg har sett meg inn i det, følgt med på nemndarbeidet og pugga både norsk og norrøn grammatikk på universitetet, meiner eg *-lig* er ein sjølvskreven gjest i nynorskordlista, sjølv om eg

nok hadde sagt noko anna i mine “yngre” dagar som nynorskbrukar.

Kløyvd infinitiv er uproblematisk

Det er fleire ting eg slit med å forstå med framlegget til nynorsk nemnda og dei andre høyringssvara, men det verste er at kløyvd infinitiv skal vekk. Sjølv er eg fødd i Oslo og snakkar med e-infinitiv, men eg treng ikkje eingong dra ut av Oslo for å finne innfødde som snakkar med kløyvd infinitiv. Å kløyve infinitiven er òg eit av dei aller viktigaste austlandske målmerka, faktisk eit så sentralt målmerke at eg ikkje trur nynorsk vil greie å vere eit skriftspråk med nasjonal appell utan!

Det er ikkje rart at forslaget om å fjerne kløyvd infinitiv har skapt furore, nemnda har i arbeidet sitt vori nærmast nedlatande. Eg vel å sitere nemnda sjølv: *Viss me beheld kløyvd infinitiv no når tonivåsystemet med hovudformer og klammeformer skal bort, kan me risikera at det kjem lærebøker med kløyvd infinitiv til bruk i heile landet.* Eg må spørje: Kva er så farlig med kløyvd infinitiv i lærebøker? I dag er det både e-infinitiv og a-infinitiv i lærebøkene, er det noko verre om det er kløyvd?

Eg ser **ingen** gode grunnar for å fjerne kløyvd infinitiv, eg trur det vil vere meir til skade enn til gagn for nynorsken om kløyvd infinitiv går ut.

I-supinum må få vere med!

I dette brevet skriv eg med i-supinum, men til vanlig gjer eg det ikkje, sjølv om eg snakkar med i-supinum til vanlig. Supinum på -i, altså *skriv* for *skrive*, er noko nordmenn over heile landet kan kjenne seg att i, spesielt austlendingar.

For å seie det på godt Oslo-mål: Om nemnda fjernar i-supinum, har ho *driti* seg ut. Eg støttar ikkje på nokon måte dette forslaget og vil heller gå andre vegen og innføre i-supinum med jamning som alternativ til -e. Om ikkje i-supinum får større støtte i skriftspråket er eg redd dette målmerket er i ferd med å døy! I Oslo seier fleire og fleire “skrevet” og “kommet”, men då eg var liten, sa alle barna “skriv” og “kommi”.

Former med monoftong

Igjen vil eg trekke fram målsettinga om å lage ei enklare norm, og ikkje minst ønsket om å halde på nynorsk som skriftspråk for heile landet. Igjen vil eg trekke fram dei som ikkje har dei “typiske nynorsktrekka” i dialektene sine. For dei må det òg vere enkelt å skrive nynorsk.

Det er igjen den same problematikken. Dei som har *-leg*-endinga i dialekta si, greier heilt fint å skilje ho frå *-ig*-endinga. På same måte er det enkelt for dei som seier å *drøyme ein draum* å bruke ulik diftong i desse orda, men for dei som seier å *drømme ein drøm* kan det vere vanskeligare å skilje mellom diftongane som skal bli eineformer. I dette eksempelet er ulike diftongar blitt til den same monoftongen: *ø*. I eit anna eksempel *ein flaum som fløymer* er det to diftongar som har blitt til *o*. No kan ein skrive verbet som *fløyme*/[flømme]/*flaume*/[flomme] og substantivet som *flaum*/[flom].

La meg presisere at om ein først har lært seg dette, så går det fint. Eg har lært meg når det skal vere *øy* eller *au* der eg sjølv hadde sagt *ø* eller *o*. Innvinginga mi er at eg har måtta lære meg det. For mykje monoftongering vil eg ikkje ha noko av, men eg ønsker at nemnda og offisiell nynorsk rettskriving ikkje får angst for monoftongar, spesielt ikkje når ulike diftongar blir til same monoftong. Då blir det vanskelig, for ikkje å seie unaturleg, å skrive med diftongar. Det gjer meg ingenting å skrive *-heit* eller *meine*, sjølv om eg hadde sagt *-het* og *mene*, men skiljet mellom *draum* og *drøyme* blir framand. Nettopp av dei grunnane eg har nemnt er det mange skriv å *draume*, og eg har sett former som *strøymen* (for *straumen*!) på nrk.no - som skal halde seg til offisiell rettskriving.

Nemnda har ønskt å gå inn for ein del monoftongering. *Død* og *løk* får bli med vidare. Kva gjer denne monoftongeringa annleis enn *drøm* og *flom*?

I-målet bør få stå

Nemnda skal gjere nynorsk enklare og strammare og fjerne valfridom. Grete Riise har sagt at

nemnda meiner nynorsk blir enklare om i-målet går ut. Det overraskar meg veldig, for å skrive på i-mål er eit overordna val ein gjer. Om ein først skriv nynorsk og har valt å skrive a-mål, er det aldri vanskelig å vite om det skal vere -i eller -a.

Valfridom er bra. Eg er heilt einig med mållaget i at noko valfridom er tenlig for nynorsken. Ein del valfridom kan ryke og reise for min del, f.eks. [-as] for -ast eller former som [bare], [noen] og [nå], eller det endelause kaoset i verbbøyinga. I-målet høyrer ikkje til den valfridomen som øydelegg det nynorske skriftbildet eller gjer det vanskelig å skrive nynorsk. Her har nemnda gått laus på heilt gal valfridom.

Pronomenparet de/dykk

At nemnda har valt å ta tak i dette pronomenparet er viktig og modig. Å innføre valfridom i ein så sentral del av språket er risikosport, men i denne anledninga meiner eg det er på sin plass. Pronomenparet *de/dykk* er kanskje den delen av nynorsk som sit lengst inne for meg. Desse formene høyrer ein så sjeldan i tale at dei tar lang tid å venne seg til i skrift. Eg er fullstendig einig i at vi treng eit alternativ til desse formene.

Forslaget om *dykk/dykk* har eg vori ambivalent til, og til å begynne med visste eg ikkje heilt kva eg skulle tru om forslaget om *dokker/dokker*. No har eg grunna lenge og vel på dette og komi fram til at eg meiner *dykk/dykk* er eit dårlig val. Nokre bruker *dykk* som subjektsform frå før, men dei bruker gjerne òg *dykkar* som objektsform, så det blir heilt feil. Pronomenparet *de/dykk* må stå urørt, og alternativet må ein finne blant *dokk(er)/dokk(er)*. I nynorske kjerneområde og elles i landet er pronomenpar som liknar på *dokker/dokker* veldig vanlige i tale, og frå fleire hald ønskte inn i nynorsk skrift.

Kva former av *dokk/dokke/dokker* ein skal ha inn og om ein skal skilje mellom subjekts- og objektsform må ein ta stilling til. Sjølv trur eg det luraste er å innføre *dokk(er)/dokk(er)* slik at ein kan velje å anten ha berre *dokk/dokk* eller *dokker/dokker* eller *dokk* som subjektsform og *dokker* som objektsform. Ved å innføre former med noko valfridom vil tida vise kva former folk vil ha.

Det viktigaste her er å velje former som så mange som moglig kan kjenne seg igjen i. *Dykk/dykk* er sjølv sagt enklare å skrive enn *de/dykk* for dei som ikkje har dette i dialekta si, men det luraste vil vere å innføre noko så mange som moglig vil kjenne att i dialektene sine, sjølv om desse formene vil vere ferskingar i skrift.

Når det gjeld pronomen for øvrig, kjem eg til å sakne *honom*, men ikkje så mykje.

Valfri j

Her må eg skryte av nemnda, og det meiner eg ikkje ironisk. Å velje vekk denne j-en har i lang tid vori synonymt med å skrive samnorsk, noko det sjølv sagt ikkje er. Dei som kan bruke dialekta si til å finne ut når det skal vere *j* eller ikkje, kan sjølv sagt gjere det, men for oss andre blir det rart å skrive *ringje*, *enkje* eller *søkje*, ikkje minst blir det vanskelig at denne j-en skal vere der i *knekkje*, men ikkje i *knekke*! Å skilje mellom *knekke* og *knakk* i preteritum er lett, men ikkje i infinitiv.

At nemnda tør å foreslå desse j-ane valfri, er kjempebra! Men det er eit men: I verb av typen *telje*, er denne j-en berre valfri i nokre av orda, f.eks. *sette*, *sitte* og *venne*, men ikkje i *spørje* eller *telje*. Skal vi òg få skrive *spørre* og *telle*? (På den måten kan òg regla om i-en og y-en som ikkje vil stå føre j-en vere eit stort steg nærmare sann, for slik det er no skal det heite *forteljing* og *utspørjing*.)

I dette brevet har eg valt j-lause former der eg veit det er klammeform per i dag, men skrivi med *j* der eg veit det ikkje er klammeform per i dag, f.eks. i *svelgje* og *følgje*. At eg i framtida skal få skrive *svelge* og *følge* er stas.

Avsluttande appell

Eg kan ikkje presisere nok at eg er ein ung og uerfaren austlending som har lagt om til nynorsk i ungdomsåra. Eg har vori veldig att og fram og vinglete i synspunkta mine, men det siste året har eg hatt mange anledningar til å lære mykje og fått så mykje kunnskap at eg har kunna ta standpunkt. Eg har følgd arbeidet med ny rettskriving, lesi referat, mandat og sakspapir og følgd og

tatt del i debattane på forumet. Då eg endelig var ferdig med vidaregåande i fjor og kunne begynne på universitetet, var det rett på nordiskstudiet og pugging av norsk og norrøn grammatikk, mens eg las om normeringshistorie på fritida.

Nokon ekspert er eg ikkje, og det er ikkje eingong ein månad sidan eg var tenåring. Men det gjer meg meir til ein framtidig nynorskbrukar, og både i studia og i seinare yrkesliv vil denne norma ha mykje å seie for koss eg skriv nynorsk. Derfor er det sjokkert og vonbroten eg les at delar av det nynorske formverket som har legi nære hjartet mitt i lang tid no skal ut. Det var ikkje desse delane av formverket som gjorde at eg la om til nynorsk, men eg har blitt glad i dei og delvis tatt dei i bruk i seinare tid, og det gjer vondt å sjå at dei kanskje blir fjerna.

Austnorsken må få stå i nynorsk grammatikk. Sjølv om få i framtida vil velje å skrive kløyvd infinitiv, i-supinum, monoftongerte former eller *-lig*, er det viktig for nynorsken å framleis vere eit språk for heile landet. Mange nynorskbrukarar på austlandet oppfattar denne norma som ei tilnærming til vestlandske dialekter og ei fjerning frå dei andre. Det er veldig uheldig for nynorsken som heilskap og nasjonalspråk.

Til slutt vil eg be nemnda revurdere å fjerne *koss* for *korleis*. Eg har òg høyrte rykte om at å *male* skal ut og at det berre skal heite å *måle*. Det er idioti. At *bilde* og *kors* kjem inn er flott, kva med å ta inn former som *vinde*, *uke*, *nese*, *snegle* og *speil* òg? Og forma *skole* er heilt klart fjerna som symbolpolitikk. Det er òg for dumt. *Skole* er veletablert og mykje brukt. Og korfor skal vi framleis få skrive *skolere*, men ikkje *skole*? Det læt verken *enkelt* eller *stramt*.

Takk for at de har tatt på dykk denne vanskelige jobben, eg er stort sett nøgd med arbeidet de har gjort!

Beste helsingar,
Vegard Storsul Opdahl
Student, Oslo.